

## Innbrotstjuv øydela huset deira for 300.000 – politiet la bort saka dagar etterpå

SIDE 2-3



VAR BORTREIST: Geir Vonheim og Bente Bakke er stort sett på Reksteren kvar helg. Den helga lokale folk stoppa ein mistenkeleg bil mellom Hope og Kaldafoss (10.-11. feb.), var dei på reis. Det var den helga det var innbrot i huset deira.



### Glitrande sceneshow

Grendatun var fylt med latter og applaus då 10. klasse inviterte til show. SIDE 14-15



### Lanserer bok om naust

Kjell Magnus Økland har skrive bok om korleis ein kan byggja fellesnaust til glede for alle.

SISTASIO



### Nytt oppdrettsegg frå Ølve

Hos Herde Kompositt er arbeidet med oppdrettsegg nummer to i full gang. SIDE 12-13

Ukens  
**TI LBUD**  
GJELDER UKE 9



Se alle  
ukens tilbud  
på spars.no

59<sup>90</sup>

Kongsgård  
Synnøve, 480 g 124.79/kg Førpris: 82,90



-40%

Inspira/Sørlandsis  
Hennig-Olsen, utvalgte varianter  
Gjelder ikke 2-liter

**SPAR**   
**EUROSPAR** 

## – Det skal vera for alle, ikkje berre dei få

Kjell Magnus Økland gjer seg klar for lanseringa av hans nye bok «Fellesnaust – tradisjonsbåtar til folket!».

Marie Straume  
marie@tysnesbladet.no

– Ho er som ei kokebok i konseptet, fortel Økland om den nye boka.

Boka byrjar med ei grunnleggjande oppskrift på korleis ein lagar fellesnaust til nytte for alle.

### For alle

– Ein må ha ein eigna plass. Og han må gjerne vera regulert til føremålet, seier Økland.

Derifrå må ein avgjera kor stort naustet skal vera med omsyn til båtane. Ein er også avhengig av ei hjulvennleg flate, som Økland kallar det.

– Andre kallar det gjerne eit slepp, legg han til.

Vidare må ein ha ei vogn og ein vinsj, slik at det skal vera mogleg for alle å enkelt ta båten inn eller ut av naustet, forklarar Økland.

Han poengter også kor viktig det er at naustet blir størt av ein årmenyttig aktør, anten det er kommunen eller ei foreining, og ikkje ein eller fleire privatpersonar.

– Då sikrar ein eit langtidsperspektiv, seier Økland.

Det sikrar også at alle får desse fine opplevelingane på sjøen gjennom fleire generasjoner, fortel han vidare. For at det skal vera enkelt å koma til, er det naudsynt at nausta blir plassert midt i bygdene.

– Det skal vera for alle, ikkje berre dei få, seier han.


Han trekker fram oselvaren Bambi som Milde båtlag har eigm sidan 60-talet, og som også er avbilda på framsida av boka.

– Det har demonstrert at konseptet funkar. Men det er viktig å ha ein god base, i dette tilfellet eit naust, elles er det lett for at aktivitetene stoppar opp.

### Fjorden som klasserom

– Korleis kom du på ideen om å laga ei bo om dette?

Økland fortel at det byrja med ideen om å vidareføra eit prosjekt han halde på med i 2018-2019 med namnet «Snakkast på fjorden!».



FELLESNAUST: Kjell Magnus Økland ynskjer at det skal bli fleire fellesnaust langs kysten som alle kan nyttja. Foto: Kystkultur.no!

I løpet av den perioden gjekk 2.500 elevar fra ulike kommunar gjennom ein dag med eit undervisningsopplegg med fokus på kultur, strandrydding, miljøvern og folkeopplysning, kor undervisninga fann stad på eller ved fjorden, forklar Økland.

– Elevane likte det. Lærarane likte det. Og me som jobba med prosjektet likte det, fortel han.

– Så me har fått til éin dag, men det

burde vera fleire! Den tanken har i etterkant vorte konseptet til boka.

Økland fortel at han ynskjer å få fram eit boddskap om at sjøen bør brukast meir aktivt, både på fritida og i undervisning, og at den vesle investeringa i eit fellesnaust er noko som vil leva lenge og gje folk glede gjennom heile livet.

– Litt kostar det, men lite i forhold til ein idrettshall eller eit basseng, avslutar han.

## TIPS OSS!

redaksjonen@tysnesbladet.no

**48 20 56 60**

VAKT DENNE VEKA: ØYVIND



TORSDAG

7°



FREDAG

6°



LAURDAG

8°



SØNDAG

9°



MÅNDAG

9°



TYSDAG

9°



ONSDAG

9°



### FLO:

Torsdag 01.16 - 13.23

Fredag 01.49 - 13.58

Laurdag 02.26 - 14.39

Søndag 03.09 - 15.28

Måndag 04.02 - 16.32

Tysdag 05.13 - 18.01

Onsdag 06.46 - 19.42

### FJÆRE:

Torsdag 06.53 - 19.22

Fredag 07.24 - 19.53

Laurdag 07.58 - 20.30

Søndag 08.41 - 21.21

Måndag 09.47 - 22.44

Tysdag 11.40 - —

Onsdag 00.37 - 13.29

**Abonnementsprisar 2024:**  
1/1 år: kr. 2040,- 1/2 år: kr. 1050,-  
Tillegg for utland.

**Annonseprisar 2024:**  
Annonseide: kr. 8,40 pr. mm.  
Framside: kr. 17,50 pr. mm.

**Annonsfristar:**  
Større oppsett/lysingar:  
måndag kl. 14:00  
Små lysningar/kunngj.:  
tysdag kl. 10:00  
Frivillige lag/organisasjonar får 50%  
rabatt når annonsen er innlevert  
i veka før utkomme.

## #tysnesglimit

«Magisk morgen i Flakkavågen, med måneskin og litt skodde», skrev Ann Helen Helland på Instagram måndag. Dette var verkeleg eit stemningsfullt og vakkert bilet, premie kjem i posten!

Har du eit fint motiv å dela med lokalavis? Då må du hugsa å merka biletet ditt med #tysnesglimit på Instagram, eller senda det på e-post til redaksjonen@tysnesbladet.no. Kvar veke vel me ut éin vinjar, som får to MillionFlax og bilete på trykk i avis.



## Klart for aksjonsveke

I neste veke skal heile landet samla inn pengar til Kreftforeningens Innsamlingsaksjon (tidlegare kalla Krafttak mot kreft). På Tysnes inneber det mellom anna at Alsaker Fjordbruk sponsrar alle turar til Blåbærhaugen med 100 kroner, tradisjonen tru.

Det ser nokså lovande ut vermessig. I fjor var aksjonsveka prega av mange gråversdagar, i tillegg til snøfall som bidrog til tidvis glatt føre. Likevel blei det registrert 1.992 turar til toppen.

